

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 20.06.2016

Vår ref.: 201502347-7

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Marte Lundsbakken

22 95 90 38/many@nve.no

Tveitelva kraftverk AS – Søknad om løyve til overføring av Reppaelva i Kvinnherad kommune i Hordaland - Høyring

NVE har motteke ein søknad frå Tveitelva kraftverk AS, datert 20.5.2016, om løyve til å overføre Reppaelva til Tveitelva for utnytting i Tveitelva kraftverk i Kvinnherad kommune.

Reppaelva ligg i Nordepollen innerst i Maurangerfjorden i Kvinnherad kommune, aust for Tveitelva kraftverk. Tveitelva kraftverk AS ønskjer å etablere eit inntak på kote 370 i Reppaelva og leggje ei nedgrave røyrgate herifrå til eksisterande inntak på kote 240 i Tveitelva. Røyrkata vil ha ei lengde på om lag 840 meter og det vil lagast ein permanent skogsbilveg i traseen. Overføringa vil auke produksjonen i Tveitelva kraftverk med 3 GWh. Tiltakshavar planlegg slepp av minstevassføring på 34 l/s i perioden 1.5.-30.9. og 6 l/s i perioden 1.10.-30.4., noko som tilsvare dei oppgitte 5-persentilane.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Kvinnherad kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn i resepsjonen på rådhuset fram til **23.9.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE gjer oppmerksom på at vi har stilt krav om fiskebiologiske undersøkingar i den potensielle anadrome strekninga nedst i Reppaelva. Tveitelva kraftverk AS har frist for å sende inn undersøkinga 9.9.2016. Vi vil ettersende undersøkinga til høyringspartane og leggje den ut på våre nettsider så snart den vert motteken.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **23.9.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Marte Lundsbakken
førstekonsulent

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: 2

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Friluftsrådet Vest
Fylkesmannen i Hordaland
Haugaland Kraft Nett AS
Hordaland fylkeskommune
Kvinnherad Energi AS
Kvinnherad kommune
Kvinnherad turlag
Naturvernforbundet i Hordaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Norges Miljøvernforbund

Kopi til:

Tveitelva Kraftverk AS